

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 4 2026

Tidspunkt: 16. juni, 2026, kl. 11.00 – 12.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Martin Sjøen (PF), Kjetil Børhaug (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Myriam Coco (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Observatør: Vibeke Tellmann (fagleg praksisleiar)

Meldt forfall: Monica Håkonsli (VLFK) og Thashany Pratheepan, Rolf Ivar Bøe og Anders Taraldsen (studentrepresentantar)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 12. mai

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt:

Ingen

Orientering frå senterleiar:

Ny senterleiar, Åsta Haukås, startar i stillinga 1. desember, men skal leie felles programstyre og vere sekretær for styringsgruppemøta som skal haldast i haust. Det må avklarast nærare korleis høyringar og representasjon i nasjonale organ skal organiserast. Handtering av strategiske avgjerdsele vil bli gjort i styringsgruppa, medan oppfølging av saka knytt til evaluering av lektorutdanningsorganiseringa vil bli utsett til ny senterleiar er på plass. Arrangering av forskingsdagen vil sannsynlegvis måtte gå ut pga. kapasitetsproblem.

Vedtakssak

Sak 23/26 Møteplan for haust 2026

Framlegg til møteplan for haust 2026:

- 30. september kl. 13.30 – 15.30
- 4. november kl. 13.30 – 15.30
- 9. desember kl. 13.30 – 15.30

Justert framlegg til møteplan for haust 2026:

- 22. september kl. 10.00 – 12.00
- 4. november kl. 13.30 – 15.30
- 8. desember kl. 10.00 -12.00

Vedtak

Felles programstyre vedtek justert framlegget til møteplan for hausten 2026, med dei endringane som fram på møtet.

Drøftingssak

Sak 24/26 Heilskapleg ordning for praksisbesøk i lektorutdanninga: Prosessen framover

Føremålet med saka var å få identifisert nokre utfordringar ved praksisbesøksordninga slik den framstår i dag, og å få skissert ein prosess for ein heilskapleg gjennomgang av ordninga, i tråd med drøftingar i programstyret og styringsgruppa våren 2025.

Lektorsenteret si tilråding var at det i løpet av hausten skal bli sett ned ei arbeidsgruppe til å gjere ein heilskapleg gjennomgang, og programstyret vart invitert til å kome med innspel til prosessen og til mandat og samansetjing av arbeidsgruppa.

I diskusjonen i programstyret kom det til uttrykk ulike syn, både på om det var naudsynt med ein slik heilskapleg gjennomgang, og kva som var problemet ein ønskte å løyse. Nokre uttrykte seg negativt til opprettinga av ei arbeidsgruppe, og viste til at tilrådingar frå tidlegare evalueringar kunne brukast. Andre meinte at det var viktig å gå gjennom ordninga, og at dagens system hadde fleire manglar.

Andre innspel som kom var at eventuelle avvik i oppfølginga kunne førebyggjast med at informasjonen til dei tilsette og til skulane var meir spissa og enklare å følgje opp. Det vart peikt på at dagens informasjon og retningslinjer var svært detaljerte. Det kom også fram at rolledeinga mellom rettleiar i skulen og UiB sine representantar nokre gonger opplevdest uklår, og at dette i tilfelle kunne vere ei utfordring som ein kunne sjå nærare på.